



## Ekstraordinært årsmøte 19 august 2021

Klenkarberget kl 20:00

### **Sakliste**

1. Setting av møtet.
2. Ny lov i samsvar med lovmal av 2019 frå idrettstinget.
3. Disponering av midlar etter handballgruppa.



## Sak 1 Setting av møtet

- a. Leiar helsar velkomen
- b. Godkjenning av innkalling og sakliste
- c. Godkjenning av dei røysteføre
- d. Val av
  - i. Møteleiar
  - ii. Skrivar
  - iii. To til å skrive under møteboka

## Sak 2. Ny lov

### Bakgrunn

Idrettstinget vedtok i 2019 ny lovmal som vi er forplikta til å følgje. Samtidig er det lokale tilpassingar i eksisterande lov som bør vidareførast. På årsmøtet 27.04 blei ny lov vedteke, men idrettskretsen godtok ikkje endringane i §6.1 og §7.1. Hovudstyret trekk difor endringane i desse to paragrafane.

### Framlegg frå hovudstyret

Årsmøtet vedtek framlegget til ny lov som bygger på den nye malen til idrettsforbundet og idrettslagets lov med følgjande endringar:

- §10: Tittel vidareført frå idrettslagets eksisterande lov. Endring frå «*Refusjon av utgifter til tillitsvalde. Godtgjersle*» til «*Refusjon, godtgjersle og støtte*»
- §10.4: Vidareført frå idrettslagets eksisterande lov.
- §16.14.a: Endra frå fem styremedlemmar i eksisterande lov til tre. ( I tillegg til leiar og nestleiar)  
Tilføya «alle for to år om gangen»
- §16.14.b: Tilføya «alle for to år om gangen»
- §16.14.c: Tilføya «alle for eit år om gangen»
- §16.14.d: Endra frå tre til to medlemmar. ( I tillegg til leiar)  
Tilføya «alle for to år om gangen»
- §16.14.e: Tilføya «alle for to år om gangen»

## Sak 3. Disponering av midlar etter handballgruppa

### Bakgrunn

Handballgruppa blei lagt ned på årsmøtet 27.04.21 og mange av dei aktive held fram enten i Stårheim IL eller i Eid IL. Det avtroppande styret i handballgruppa ynskte å støtte handballen i Eid IL med midlar.

### Framlegg frå hovudstyret

Haugen IL støttar handballgruppa i Eid IL slik:



# HAUGEN IDRETTSLAG

Skipa 1895 – 6770 NORDFJORDEID

Postboks 137  
6771 Nordfjordeid

<http://haugenil.no>  
[post@haugenil.no](mailto:post@haugenil.no)

*Utstyr: Ballar, kjegler, stige og vestar blir ståande att i Eid idrettsbygg til fri disposisjon for Eid IL si handballgruppe.*

<i>Dekking av påmeldingsavgift for g13, j16 og g16.</i>	<i>11.000 kr</i>
<i>Reisestøtte til g13, j13 og g16</i>	<i>8.000 kr</i>
<i>Dugnadspengar til g16</i>	<i>10.000 kr</i>
<i>Innsamla midlar til j16 og g16</i>	<i>2.805 kr</i>
<i>Rest av innsatsprisen til Hilde</i>	<i>25.000 kr</i>
<b><i>Sum</i></b>	<b><i>56.805 kr</i></b>

Overskytande midlar skal brukast til vedlikehald av sandbanene samt til handballgruppa når/viss den blir starta opp att.

Saldo pr 4.08.2021: kr 193.243,25